



Innkalling

Utval:	Stad kontrollutval
Møtestad:	Kommunehuset Selje
Dato:	14.06.2022
Tid:	Kl. 10:00

Innkalling, sakliste og saker til Stad kontrollutval er tilgjengeleg på www.stad.kommune.no.

Søknad om forfall med grunngjeving må sendast til post@vestkontroll.no slik at varamedlem kan bli kalla inn. Varamedlem møter etter nærmare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
22/014	Godkjenning av innkalling og sakliste
22/015	Godkjenning av møteprotokoll
22/016	Referatsaker
22/017	Gjennomgang av møteprotokollar
22/018	Reglement for kontrollutvalet og Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte
22/019	Kommunedirektøren - Orientering om skjenke- og serveringsløyve
22/020	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rutinar for anbod og innkjøp - Oppfølging
22/021	Vedtaksoppfølging til møtet 14.06.2022
22/022	Saker til eventuell seinare behandling

Nordfjordeid, 9. June 2022

Håkon Sjøstad
Leiar

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest kontroll



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/18385
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 09.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/014	Stad kontrollutval	14.06.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/17740
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 03.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/015	Stad kontrollutval	14.06.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

28.04.2022 Protokoll - Stad kontrollutval - 28.04.2022

1496423



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/18386
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 09.06.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
22/016	Stad kontrollutval	14.06.2022

Referatsaker

Dagleg leiar si tilråding:

Referete saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:

- 1, Invitasjon kurs i eigarstyring og styrearbeid
- 2, Kontrollutvalsdagen - invitasjon
- 3, Uetisk adferd og korrupsjon i kommunesektoren
- 4, Økokrims trusselvurdering 2022 - NKRF



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/18155
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 08.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/017	Stad kontrollutval	14.06.2022

Gjennomgang av møteprotokollar

Bakgrunn for saka:

For best mogleg kontroll må ein vere oppdatert om kommunen. Gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside –

<https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysningar:

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet	24.03 06.05 09.06
Eigedomsskatt – Klagenemnd	20.04
Eigedomsskatt – Sakkundig nemnd	31.03
Finansutvalet	06.05 09.06
Nordfjorderrådet	04.04 02.05 13.06
Stad Eigedomsutvikling KF	04.04 09.05
Stad eldreråd	21.03 02.05 07.06
Stad Fjordvarme KF	04.04
Stad formannskap	24.03 06.05 09.06
Stad kommunestyre	31.03 12.05
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	21.03 02.05 07.06
Stad ungdomsråd	21.03 02.05 07.06
Utval for areal og eigedom	22.03 03.05 07.06
Utval for helse og omsorg	23.03 04.05 08.06
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	22.03 03.05 07.06

Utval for oppvekst og opplæring	23.03 04.05 08.06
Valstyret	

Vest kontroll
Jostein Støylen
Dagleg leiar



Arkiv:
JournalpostID: 22/15999
Saksbehandlar: Jostein Støylen
Dato: 18.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/018	Stad kontrollutval	14.06.2022

Reglement for kontrollutvalet og Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte

Bakgrunn for saka:

Som lekk i å oppfylle kommunelova sitt krav til reglement for folkevalde organ er det utarbeidd framlegg til reglement for kontrollutvalet i kommunane .

Det er samtidig utarbeidd utkast til ein praktisk rettleiar for gjennomføring av møta i utvalet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til Reglement for kontrollutvalet slik den ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner Rettleiar for gjennomføring av møta i kontrollutvalet slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

09.06.2022	REGLEMENT for kontrollutvalet	1504017
09.06.2022	RETTLEIAR for gjennomføring av møta i kontrolutvalet	1504018

Saksopplysningar:

Representantskapet i Vest kontroll, som består av kontrollutvalsleiarane i sekretariatssamarbeidet, drøfta i møte den 24.09.2021 Reglementet for kontrollutvalet og ser stor fordel i om kontrollutvala i samarbeidet har like reglement og vil oppmode kommunane om å få det til.

I møtet 13.05.2022 drøfta og behandla representantskapet forslaget til Reglementet for kontrollutvalet og Rettleiaren for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte på nytt og gjorde slikt vedtak:

Representantskapet (kontrollutvalsleiarane) i samarbeidet Vest kontroll kommunalt oppgåvefelleskap ber kontrollutvala og kommunestyra å vedta likt Reglement for kontrollutvalet og lik Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte.

Andre saksopplysningar

Lovgrunnlaget

Etter kommunelova § 5-13 skal folkevalde organ ha eit reglement. Dette påbodet gjeld også kontrollutvalet. Lova krev at reglementet skal fastsetje

- « a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b) tidsperioden som organet er opprettet for
- c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet»

Vedkomande pkt. b): Kontrollutvalet sin funksjonsperiode er samanfallande med valperioden

Utarbeiding av utkast, innkomne merknader og kommentarar til desse

Utkastet har i fleire omgangar vore utsendt på høyring til kommunane sin administrasjon v/kommunedirektøren. Sekretariatet har motteke merknader og innspel frå nokre kommunar. Vi har valt å tolke manglande svar slik at desse ikkje har merknader til utkastet. Etter siste høyringsrunde har mottekne tilbakemeldingar til utkastet berre vore positive.

Dei innkomne forslaga undervegs har etter nærare vurderingar og i rimeleg grad vorte tekne omsyn til i utkastet.

Vi finn å ville omtale eit par innspel særskilt.

Kontrollutvalet og tilhøvet til kommunen sine finansielle måltal

Frå ei kommune er det reist spørsmål om kontrollutvalet sin medverknad til oppfølging av det som etter kommunelova § 14-7 skal omtalast i den årsmelding/årsrapport som kommunestyret sjølv skal vedta. Kva som skal gjerast greie for i kommunen si årsmelding/årsrapport går fram av kommunelova § 14-7. Der er nemnt m.a. følgjande:

- kommunelova § 14-1 første ledd om plikt til å forvalte økonomien slik at handleevna blir ivaretatt over tid

- kravet i kommunelova § 14-2 bokstav c om at det skal vedtakast finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi

Ut frå dette er det stilt spørsmål om kontrollutvalet burde hatt ei meir aktiv rolle når det gjeld

oppfølging av finansielle måltal.

Etter vårt syn bør drøftingar om reglar på dette området bli vurdert i ein vidare samanheng der også m.a. revisjonen vert trekt inn. Dette fordi rekneskapsrevisor etter dagens reglar også skal gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning. Spørsmåla bør difor eventuelt takast opp som eiga sak og ikkje som lekk i oppdatering av kontrollutvalet sitt reglement.

Eit naturleg utgangspunkt ville då kunne vere at kontrollutvalet skal følgje med i korleis revisjonen sitt konkrete oppdrag er utforma når det gjeld oppfølging av tilhøve som er omtala i kommunen si årsmelding.

Dette er ikkje noko nytt for kontrollutvalet. Det ligg under kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar at det vert ført «kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelsaer og vedtak» (jfr. kommunelova § 23-2 b). Men det kunne drøftast om det er behov for betre å synleggjere at revisjonsoppdraget også skal ha fokus på korleis kommunen sin økonomi utviklar seg innanfor dei finansielle måltala som kommunestyret har vedtatt.

Motteken kommentar frå NKRF ved administrasjonen

Han «*deler... Vest kontrolls refleksjoner rundt denne problemstillingen*» og grunngir dette med å vise til at tilsynet med bl.a. finansielle måltal for utvikling av kommunane sin økonomi høyrer under kommunedirektøren sitt arbeid med økonomiplan og årsbudsjett, samt også internkontroll (kompl. § 25-2) og rapportering i årsberetninga.

Bråten i NKRF uttalar vidare at:

«kontrollutvalget ikke kan overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens folkevalgte organer (§ 1). Dette tilsier at kontrollutvalget ikke kan ivareta en løpende oppfølging av kommunens finansielle måltall i forkant av kommunestyrets vedtak.»

Spørsmålet om likelydande reglement for fleire kommunar

Det er både **ressursinnsparande og brukarvenleg** at det er **samsvar** mellom reglementet for flest mulege kontrollutval som har Vest kontroll Kommunalt Oppgåvefellesskap som sekretariat.

Det er difor ein tek sikte på samkøyring av prosessane med utgreiing og vedtak, fram til det enkelte kommunestyre si behandling av forslaga.

Møterettleiar, jfr. vedlagte utkast

Dette er ein «forretningsorden» som gjeld kontrollutvala sine møte. Det vil vere fordelar med ein einsarta praksis ved gjennomføring av utvalsmøta. Rettleiaren kan vere eit bidrag til å gi svar på spørsmål som kan oppstå i eit møte og elles i kontrollutvalet sitt arbeid.

Vest kontroll

Jostein Støylen
Dagleg leiar



Arkiv:

JournalpostID: 22/18367

Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande

Dato: 09.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/019	Stad kontrollutval	14.06.2022

Kommunedirektøren - Orientering om skjenke- og serveringsløyve

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 14.02.2022:

«Kontrollutvalet ber kommunedirektøren i neste møte orientere om kommunen si saksbehandling/forvaltning av skjenke- og serveringsløyve i høve til gjeldande lov og regelverk.»

Dagleg leiar si tilråding:

Orienteringa vert teken til vitende.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren ved Anna Karete Bjørlo orienterer i møtet.



Arkiv:

JournalpostID: 22/18384

Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande

Dato: 09.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/020	Stad kontrollutval	14.06.2022

Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rutinar for anbod og innkjøp - Oppfølging

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren skal følgje opp vedtak som kommunestyret gjer i samband med forvaltningsrevisjonar. Kommunedirektøren har gitt tilbakemelding på si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet Rutinar for anbod og innkjøp.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet meiner kommunedirektøren har følgd opp tilrådingane i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

Vedlegg i saka:

09.06.2022	Tilbakemelding frå kommunedirektøren - Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rutinar for anbod og innkjøp	1504111
09.06.2022	arkivrutine offentlege anskaffingar	1504112
09.06.2022	Innkjøp overordna prosedyre mars 2022	1504113

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 21/130 slikt vedtak:

Stad kommunestyre 29.10.2021:

Handsaming:

KS- 21/130 Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Rutinar for anbod og innkjøp, Stad kommune. (Utarbeida av Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefelleskap, datert 13.09.2021).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - a. Revisjonen rår Stad kommune til å gjennomgå sine rutinar og prosedyrar for overføring av dokumentasjon av anskaffingsprosessar til Acos websak.
 - b. Revisjonen rår Stad kommune til å gjennomføre planmessig opplæring av eigne aktuelle tilsette i anskaffingsprosessen med tilhøyrande regelverk og styringsdokument.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 30.03.2022.

Kommunedirektøren har gitt slik tilbakemelding jf. Vedlegga til saka.

Sekretariatet har drøfta tilbakemeldinga med revisjonen som gir slik tilbakemelding:

«Revisjonen meiner tiltak som går fram av "Tilbakemelding - forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rutinar for anbod og innkjøp" er i tråd med rapportens tilrådingar. Vurderingane er gjort på bakgrunn av nemnde dokument, og revisjonen har ikkje gjort konkrete undersøkingar eller revisjonar av kor vidt nemnde tiltak faktisk er gjennomført.»



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/17741
Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande
Dato: 03.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/021	Stad kontrollutval	14.06.2022

Vedtaksoppfølging til møtet 14.06.2022

Bakgrunn for saka:

Saker som må vidare følgast opp er merka i vedtaksoppfølginga.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Vedlegg i saka:

09.06.2022 Vedtaksoppfølging 1503794

Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.



Stad kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/18382

Saksbehandlar: Astrid Landsverk
Sande

Dato: 09.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/022	Stad kontrollutval	14.06.2022

Saker til eventuell seinare behandling

Saksopplysningar:

Sekretariatet har ikkje fått innspel til saker for seinare behandling.